



Kunnskapsdepartementet

Førebels tildelingsbrev

Orientering om forslag til statsbudsjettet 2026 for universitet og høgskular

Mål for universitet og høgskular, budsjett og endringar i løyving og finansieringssystemet.



Orientering om forslag til statsbudsjettet 2026 for universitet og høgskular

Mål for universitet og høgskular, budsjett og endringar i løyving og finansieringssystemet.

Kortnamn for universiteta og høyskulane

Institusjon	Kortnamn
Ansgar høyskole for teologi, musikk og psykologi	AHS
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	AHO
Barratt Due musikkinstitut	BDM
Bergen Arkitekthøgskole	BAS
Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning	DMMH
Fjellhaug Internasjonale Høgskole	FIH
Handelshøyskolen BI	BI
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk	HiM
Høgskolen i Østfold	HiØ
Høgskulen for grøn utvikling	HGUt
Høgskulen i Volda	HVO
Høgskulen på Vestlandet	HVL
Høyskolen for dansekunst	HFDK
Høyskolen for ledelse og teologi	HLT
Høyskolen Kristiania	HK
Kunsthøgskolen i Oslo	KHiO
Lovisenberg diakonale høyskole	LDH
MF vitenskapelig høyskole	MF
NLA Høgskolen	NLA
Nord universitet	NU
Noregs handelshøgskole	NHH
Noregs idrettshøgskole	NIH
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	NMBU
Noregs musikkhøgskole	NMH
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	NTNU
OsloMet – storbyuniversitetet	OM
Samisk høyskole	SA
Steinerhøyskolen	STH
Universitetet i Agder	UiA
Universitetet i Bergen	UiB
Universitetet i Innlandet	INN
Universitetet i Oslo	UiO
Universitetet i Stavanger	UiS
Universitetet i Sørøst-Noreg	USN
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	UiT
VID vitenskapelige høyskole	VID

Innhald

1 Innleiing	7
2 Mål for universitet og høgskular	7
2.1 Om målstrukturen	7
2.2 Mål for 2026	7
2.3 Arbeid med nye utviklingsavtaler	8
2.4 Oppfølging frå departementet	8
3 Løyvingar til universitet og høgskular i 2026	9
3.1 Vesentlege budsjettendringar i 2026 over Kunnskapsdepartementets budsjett, kap. 260 Universitet og høgskular	9
3.2 Universitets- og høgskulebygg over Digitaliserings- og forvaltningsdepartementets budsjett	9
3.3 Tildeling per institusjon (kap. 260)	10
3.3.1 Universitet og statlege høgskular (kap. 260, post 50)	11
3.3.2 Private høgskular (kap. 260, post 70)	14
3.4 Studieplassar	15
3.4.1 Nye studieplassar	15
3.4.2 Utfasing av mellombelse studieplassar	15
3.4.3 Opptopping for å føre vidare studieplassar tildelte i tidlegare år	16
4 Finansieringssystemet for universitet og høgskular	19
4.1 Rammefinansiering og resultatbasert utteljing	19
4.2 Satsar og indikatorar for den resultatbaserte utteljinga	19
4.3 Budsjettendring gjennom den resultatbaserte utteljinga i 2026	22
4.4 Datagrunnlag for den resultatbaserte utteljinga i 2026	23
4.5 Rapportering av data og resultatutteljing i budsjettet for 2027	25

1 Innleiing

Orientering om forslag til statsbudsjettet 2026 for universitet og høgskular er eit førebels tildelingsbrev for dei statlege universiteta og høgskulane for 2026 og gir informasjon om løyvinga til universitet og høgskular over Kunnskapsdepartementets budsjett. Departementet legg fram orienteringa samtidig med Prop. 1 S (2025–2026). Etter budsjettvedtak i Stortinget vil ei oppdatert utgåve av orienteringa bli lagt ved det endelege tildelings-/tilskotsbrevet som skal danne grunnlag for dei budsjettddisponeringane styret for den enkelte institusjonen vedtek for 2026.

2 Mål for universitet og høgskular

2.1 Om målstrukturen

Kunnskapsdepartementet fastset overordna og langsiktige mål for universiteta og høgskulane som får løyving over Kunnskapsdepartementets budsjett. Måla for 2026 er dei same som måla for 2025. Dei er fastsett etter innspel frå sektoren og for å reflektere dei aktuelle politiske hovudprioriteringane for universitet og høgskular. Måla er òg sett i samanheng med måla i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning som gjeld uavhengig av sektor.

Departementet har utviklingsavtalar med kvar av dei statlege universiteta og høgskulane, jf. *Rammeverk for utviklingsavtaler for statlige universiteter og høyskoler*.¹ Utviklingsavtalane har som formål å bidra til høg kvalitet og ein mangfaldig sektor gjennom tydelege institusjonsprofilar og god arbeidsdeling. Avtalane inneheld differensierte mål og styringsparameter som beskriv strategiske prioriteringar som den enkelte institusjonen har for å bidra til å nå dei nasjonale sektormåla. Utviklingsavtalane er eit verktøy i styringsdialogen og skal bidra til å utvikle institusjonane og sektoren.

Utviklingsavtalane inngår i tildelingsbrev til institusjonane. Departementet har ikkje utviklingsavtalar med dei private høgskulane, men følger opp mål og resultat som del av tilskotsforvaltninga.

Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med institusjonane sett samfunns- og effektmål for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt i sektoren. Aktuelle institusjonar må ta omsyn til desse måla i planar og i styringa av verksemda.

2.2 Mål for 2026

Kunnskapsdepartementet har fastsett tre overordna mål for høgare utdanning og forskning i Prop. 1 S (2025–2026). Universitet og høgskular som får løyving frå Kunnskapsdepartementet, skal bidra til å nå måla. Krav til rapportering til Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) ligg på DBH-nettsidene til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).² For rapporteringskrav til årsrapporten viser vi til vedlegg til endeleg tildelings- og tilskotsbrev.

For 2026 gjeld desse overordna og langsiktige måla:

- høg kvalitet i utdanning og forskning

¹ <https://www.regjeringen.no/no/id/2964165/>

² <https://dbh.hkdir.no/frister-og-rapportering/rapporteringskrav>

- berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon
- god tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

2.3 Arbeid med nye utviklingsavtaler

Dagens utviklingsavtalar gjeld for fireårsperioden 2023–2026. Kunnskapsdepartementet førebur arbeidet med nye avtalar som skal gjelde frå 2027. Som del av dette har departementet mottatt innspel og hatt dialog med institusjonane om erfaringar med utviklingsavtalane og vurderingar av endringar i rammeverket som skal ligge til grunn for utviklingsavtalane for neste avtaleperiode.

Formålet med dei nye utviklingsavtalane er at dei skal bidra til tydelegare strategisk dialog mellom departementet og institusjonane om nasjonale prioriteringar, kunnskapsbehova i samfunnet og ambisjonane og behova til institusjonane. Avtalane skal bidra til styrkt mangfald, samarbeid og arbeidsdeling i sektoren og til vidare utvikling og god omstilling av institusjonane og sektoren.

Departementet tar sikte på at dei nye utviklingsavtalane skal innehalde 3-4 utviklingsmål og inntil 12 styringsparameter. Måla skal handle om effektar for brukarar og samfunn. Styringsparameter skal kunne vise kvalitative eller kvantitative resultat og skal vere målbare.

Departementet vil utforme ein mal med rettleiing til rapporteringa slik at den gir eit godt grunnlag for styringsdialogen.

Departementet vil komme med nærare forventingar til innhaldet i avtalane. Blant anna blir det vurdert korleis kompetansebehova i samfunnet og dimensjonering av utdanningane kan få ein sentral plass i dei nye avtalane.

Departementet vil ha dialog med kvar av institusjonane i arbeidet med dei nye utviklingsavtalane i 2026. Fristen for institusjonane til å levere første utkast til utviklingsavtale er **15. mars 2026**. Departementet oppmodar institusjonane til å starte arbeidet.

Nye utviklingsavtalar skal inngå i tildelingsbrev for 2027. Endeleg tekst til utviklingsavtalane frå institusjonane må derfor vere klar 1. oktober 2026.

Departementet vil kome med nærare informasjon om arbeidet og bestilling til institusjonane i eige brev i desember 2025.

2.4 Oppfølging frå departementet

Styringsdialogen mellom departementet og institusjonane består av desse hovudaktivitetane: tildelings- og tilskotsbrev frå departementet, årsrapport frå institusjonane, etatsstyringsmøte/ dialog-/kontaktmøte og skriftleg tilbakemelding.

Årsrapportane, resultatrapporteringa til Database for høgare utdanning (DBH) og den årlege tilstandsrapporten for høgare utdanning utgjør hovudgrunnlaget for den vurderinga departementet gjer av kvar institusjon. Vurderinga som er basert på utviklingsavtalane og eigenarten til institusjonen, ligg til grunn for styringsdialogen med kvar av dei statlege institusjonane.

3 Løyvingar til universitet og høgskular i 2026

Samla løyvingsforslag for universitet og høgskular på kap. 260 er 48,2 mrd. kroner i 2026, fordelt med 45,9 mrd. kroner til statlege universitet og høgskular på post 50 og 2,3 mrd. kroner til private høgskular på post 70.

3.1 Vesentlege budsjettendringar i 2026 over Kunnskapsdepartementets budsjett, kap. 260 Universitet og høgskular

Nedanfor følger ei oversikt over vesentlege budsjettendringar over kap. 260 (post 50 og 70). Nærmare oversyn over budsjettendringane for kvar institusjon følger under kap. 3.3.

(i 1 000 kroner)	
Husleigekompensasjon for Livsvitskapsbygget og styrka rammevilkår for UiO si satsing på livsvitskap	337 829
Studieplassmidlar med opphavleg tildeling 2020–2025	174 263
Resultatbasert utteljing	167 220
Forskingssatsing på framveksande teknologiar	50 000
Midlar til nye studieplassar og studietilbod 2026	47 589
Prosjekt for utstyr og inventar for Griegakademiet, UiB	20 000
Utstyrsforprosjekt for Noregs arktiske universitetsmuseum, UiT	20 000
Utfasing av mellombelse studieplassar frå Utdanningsløftet 2020	–413 953
Reduksjon for å frigjere midlar til omprioriteringar	–346 249
Omprioritering av ubrukte studieplassmidlar i sjukepleie og folkedans	–23 545
Utfasing av mellombelse studieplassar som følge av krigen i Ukraina	–15 623
Auke som følge av prisjustering for 2026 (3,6 pst.)	1 672 621

3.2 Universitets- og høgskulebygg over Digitaliserings- og forvaltningsdepartementets budsjett

Nedanfor er ei oversikt over midlar i 2026 til å prosjektere, rehabilitere og oppføre bygg i universitets- og høgskulesektoren, jf. Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

(i 1 000 kroner)	
Vidareføring av byggeprosjektet Livsvitskapsbygget, UiO (kap. 1530, post 33)	1 800 000
Utstyr og inventar til Livsvitskapsbygget, UiO (kap. 1530, post 45)	700 000
Vidareføring av byggeprosjektet campussamling i Trondheim, NTNU (kap. 1530, post 33)	1 200 000
Utstyr og inventar til campussamling i Trondheim, NTNU (kap. 1530, post 45)	12 000
Vidareføring av byggeprosjektet Vikingtidsmuseet, UiO (kap. 1530, post 33)	350 000
Utstyr og inventar til Vikingtidsmuseet, UiO (kap. 1530, post 45)	150 000
Vidareføring av byggeprosjektet Blått bygg, NU (kap. 2445, post 33)	15 500

Vidareføring av byggeprosjektet Norsk havteknologisenter, NTNU (kap. 1530, post 33). Nærings- og fiskeridepartementet er oppdragsgivar.	800 000
Utstyr og inventar til Norsk havteknologisenter, NTNU (kap. 1530, post 45). Nærings- og fiskeridepartementet er oppdragsgivar.	1 200 000
Vidareføring av byggeprosjektet for Griegakademiet, UiB (kap. 1530, post 33)	300 000
Forprosjekt for Noregs arktiske universitetsmuseum, UiT (kap. 1530, post 30)	45 000

3.3 Tildeling per institusjon (kap. 260)

Kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2 gir nærmare oversikt over endringar frå 2025 til 2026 i løyvinga for dei enkelte universiteta og statlege høgskulane over kap. 260, post 50 og for dei enkelte private høgskulane over kap. 260, post 70.

Tabellane med endra løyving per institusjon er bygde opp som følger:

- Utgangspunktet er *Saldert budsjett 2025* som er tildeling per institusjon i tildelingsbrev/ tilskotsbrev i samband med budsjettvedtaket om Prop. 1 S for 2025.
- Kolonnen *Prisjustering* viser prisjusteringa av *Saldert budsjett 2025*. Satsen for prisjustering for 2026 er 3,6 pst. som for andre 50- og 70-postar i statsbudsjettet.
- *Resultatbasert uttelling* viser uttelling som følge av endring i institusjonane sine resultat på indikatorane i finansieringssystemet. Kap. 4.4 gir oversikt over data som ligg til grunn for beløpa i desse kolonnane.
- *Studieplassar 2020–2025* viser netto endringar som følge av midlar til studieplassar tildelte i budsjetta frå 2020 til og med 2025 og utfasing av mellombelse studieplassmidlar. Sjå oversikt over studieplassane i *kap. 3.4 Studieplassar*.
- *Nye studieplassar* viser ein auke i løyvinga som følge av nye studieplassar i 2026. Sjå oversikt over studieplassane i *kap. 3.4 Studieplassar*.
- *Bu- og reisestønad* viser ein auke som følge av at midlane i tilskotsordninga til bu- og reisestønad som Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse har forvalta, blir flytta til rammeløyvinga.
- *Reduksjon* viser ein reduksjon i løyvinga for å frigjere midlar til omprioriteringar. Reduksjonen er i hovudsak fordelt pro rata. Det er gjort nokre mindre justeringar slik at dei med mange sentrale profesjonsutdanningar og utdanningar i realfag og teknologi, mange søkarar, høge EU-inntekter og høg tilslagsrate på søknader til Forskningsrådet får ein mindre reduksjon. For å skjerme gratisutdanningane og fagområde som er høgare prioriterte, er kuttet justert opp for private høgskular som har utdanningar som overlappar med kvarandre og med tilboda ved dei statlege institusjonane (mellom anna innanfor religionsutdanning og økonomisk-administrative fag).
- *Andre endringar* viser andre tiltak med verknad for enkelte institusjonar. Sjå forklaringane for den enkelte institusjonen nedanfor tabellane.
- *Forslag rammeløyving 2026* er tildelinga per institusjon, og svarar til summen av *Saldert budsjett 2025* og endringskolonnane.

3.3.1 Universitet og statlege høgskular (kap. 260, post 50)

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2025 til 2026 i 1 000 kroner.

	Saldert budsjett 2025	Prisjustering	Resultatbasert utteljing	Studieplassar 2020–2025	Nye studie- plassar	Bu- og reisestønad	Reduksjon	Andre endringar	Forslag rammeløyving 2026
AHO	270 686	9 745	2 809	-7 653			-1 421	-462	273 704
HIM	363 124	13 072	-6 537	-10 209		800	-3 214	-10 000	347 036
HiØ	879 050	31 646	-3 669	-4 219		100	-6 279		896 629
HVL	2 487 770	89 560	-19 405	-8 640		8 000	-18 825	800	2 539 260
HVO	452 478	16 289	-5 250	-8 015		100	-5 052		450 550
INN	1 489 540	53 623	7 179	-5 189	750	800	-15 090		1 531 613
KHiO	430 287	15 490	1 153	-846			-3 277		442 807
NHH	645 306	23 231	11 460	-7 896			-2 882		669 219
NIH	303 832	10 938	7 473	2 153			-1 858		322 538
NMBU	1 644 543	59 204	24 973	-22 757			-10 619		1 695 344
NMH	339 327	12 216	-816	-2 927			-2 540	-32	345 228
NTNU	8 244 626	296 807	68 523	-27 379	2 691	6 000	-47 899	40 000	8 583 369
NU	1 847 026	66 493	-26 397	-10 674	750	2 800	-15 527	-17 742	1 846 729
OM	3 128 185	112 615	27 337	-13 451	5 691	200	-24 492	-6 450	3 229 635
SA	129 152	4 649	1 767	-1 128			-929	-1 122	132 389
UiA	1 918 033	69 049	19 729	-3 291	2 115	800	-15 531		1 990 904
UiB	4 452 015	160 273	-911	-7 664	3 134	500	-32 086	13 784	4 589 045
UiO	6 629 544	238 664	77 301	-12 888	2 691	300	-33 523	400 379	7 302 468
UiS	2 010 902	72 392	6 959	-23 124	3 115	400	-15 828	-332	2 054 484
UiT	4 175 449	150 316	-27 919	-20 294		9 500	-33 997	23 509	4 276 564
USN	2 310 102	83 164	-4 407	-14 549	3 000	800	-21 369	-3 545	2 353 196

Forklaringar på andre endringar for universitet og statlege høgskular

Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo

Reduksjon på 462 000 kroner som følge av avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring om levering av lønns- og personaltenester.

Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk

Reduksjon på 10 mill. kroner som følge av ubrukke studieplassar i sjukepleie.

Høgskulen på Vestlandet

Auke på 800 000 kroner som følge av at finansieringa av Svømmedyktig.no er flytta frå kap. 226, post 21 til rammeløyvinga.

Noregs musikkhøgskole

Reduksjon på 32 000 kroner som følge av regjeringa sitt arbeid med meir effektive kontorareal i statlege verksemdar.

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

Auke på 5 mill. kroner til Nasjonalt senter for realfagsrekruttering for å auke rekruttering til MNT-fag gjennom ENT3R.

Auke på 10 mill. kroner til utvida kapasitet i audiografutdanninga. Studieplassane skal desentraliserast i samarbeid med helseregionane for å bidra til rekruttering av audiografar i heile landet.

Auke på 25 mill. kroner til forskningssatsing på framveksande teknologiar.

Nord universitet

Reduksjon på 12 742 000 kroner som følge av at utstyrsprosjektet for Blått bygg blir avslutta i løpet av 2025.

Reduksjon på 5 mill. kroner som følge av ubrukke studieplassar i sjukepleie.

OsloMet – storbyuniversitetet

Reduksjon på 6 450 000 kroner som følge av at tannteknikarutdanninga frå hausten 2026 skal flyttast til UiO.

Samisk høgskole

Reduksjon på 1 122 000 kroner som følge av at tiltakspakka frå RNB 2023 for kompetanseutvikling og studietilbod i Aust-Finnmark gjaldt for perioden 2023–2026.

Universitetet i Bergen

Reduksjon på 6 216 000 kroner som følge av verksemdsoverdraging av dei rettsmedisinske tenestene frå UiB til Helse Bergen HF.

Auke på 20 mill. kroner til prosjektet for utstyr og inventar til nytt bygg for Griegakademiet.

Universitetet i Oslo

Auke på 12,55 mill. kroner til drift av til tannteknikarutdanninga, som skal flyttast frå UiO frå hausten 2026.

Auke på 25 mill. kroner til eittårige etableringsmidlar til tannteknikarutdanninga.

Auke på 25 mill. kroner til forskningssatsing på framveksande teknologiar.
Auke på 78 mill. kroner for å styrke rammevilkåra til UiO si satsing på livsvitskap.
Auke på 259 829 000 kroner til husleigekompensasjon for Livsvitskapsbygget.

Universitetet i Stavanger

Reduksjon på 332 000 kroner som følge av avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring om levering av lønns- og personaltenester.

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet

Reduksjon på 5 mill. kroner som følge av ubrukte studieplassar i sjukepleie.
Reduksjon på 4 491 000 kroner som følge av at tiltakspakka frå RNB 2023 for kompetanseutvikling og studietilbod i Aust-Finnmark gjaldt for perioden 2023–2026.
Auke på 6 mill. kroner til fleksibel og desentralisert utdanning med særleg vekt på Aust-Finnmark
Auke på 7 mill. kroner til å greie ut organiseringa av eit nasjonalt kompetansesenter om fornorskingspolitikk og urett.
Auke på 20 mill. kroner til utstyrsforprosjektet for Noregs arktiske universitetsmuseum.

Universitetet i Sørøst-Noreg

Reduksjon på 3 545 000 kroner som følge av at det ikkje har blitt etablert eit bachelorstudium i folkedans.

3.3.2 Private høgskular (kap. 260, post 70)

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2025 til 2026 i 1 000 kroner.

	Saldert budsjett 2025	Prisjustering	Resultatbasert utteljing	Studieplassar 2020-2025	Nye studie- plassar	Bu- og reisestønad	Reduksjon	Forslag ramme- løyving 2026
AHS	34 574	1 245	532				-702	35 649
BAS	22 373	805	72				-144	23 106
BDM	34 440	1 240					-263	35 417
BI	446 256	16 065	9 731	-17 484			-9 015	445 553
DMMH	162 651	5 855	-15 717	426			-1 175	152 040
FIH	14 646	527	-1 784				-365	13 024
HFDK	2 364	85					-27	2 422
HGUt	2 593	93	-259				-26	2 401
HK	404 721	14 570	11 738	-12 408			-9 023	409 598
HLT	18 133	653	-963				-494	17 329
LDH	150 862	5 431	1 522	-2 820	4 037	300	-949	158 383
MF	123 870	4 459	-5 703	-564			-2 314	119 748
NLA	339 456	12 220	6 144	-5 076	2 000		-4 871	349 873
STH	20 412	735	-811	1 036			-158	21 214
VID	533 390	19 202	1 366	-7 783	1 615	500	-4 485	543 805

3.4 Studieplassar

3.4.1 Nye studieplassar

Regjeringa foreslår midlar til:

- 155 studieplassar i sjukepleie (3-årige): 75 til LDH, 50 til OsloMet og 30 til VID.
- 100 studieplassar i kvanteteknologi (2-årige): 50 kvar til NTNU og UiO.
- 60 studieplassar i psykologi (6-årige): 30 kvar til UiA og UiS.
- 20 studieplassar i medisin (6-årige) til UiB (Vestlandslegen, Helse Fonna HF).

Regjeringa foreslår 11,5 mill. kroner til institusjonar som kan auke kapasiteten i arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning i 2026 med til saman 225 plassar. Delar av løyvinga er til institusjonar som kan flytte ledig kapasitet frå ordinær barnehagelærerutdanning til arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning. Desse plassane blir tildelte med ein sats på 50 000 kroner per plass per år i fire år (deltidsstudium over fire år) og midlane blir derfor trappa opp over fire år. Resterande løyving er til institusjonar som kan auke den samlede kapasiteten i barnehagelærerutdanning gjennom å opprette nye plassar på arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning. Desse studieplassane blir tildelte med ein sats på 100 000 kroner per plass per år i fire år.

	Antal plassar, flytta kapasitet	Antal plassar, auke kapasitet
INN	15	
NLA	40	
NU	15	
OsloMet	60	
UiA		5
UiS	30	
USN	60	

3.4.2 Utfasing av mellombelse studieplassar

Studieplassar frå Utdanningsløftet 2020

I 2020 løyvde Stortinget midlar tilsvarende 4 000 fleire studieplassar i høgare utdanning i samband med den høge arbeidsløysa under covid-19-pandemien. I budsjettforslaget for 2020 la regjeringa då til grunn at den samla kapasiteten i høgare utdanning skulle normaliserast i takt med konjunkturane. I 2022 vedtok Stortinget at løyvinga ikkje skulle bli trappa opp for opptak av nye kull frå og med 2023, med unntak av 80 studieplassar i medisin, jf. tabellen *Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i perioden 2020 til og med 2025* i kap. 3.4.3. Institusjonane får midlar til at kulla som blei tekne opp i 2020–2022 får gå ferdig studieløpa sine. Følgande studieplassar blir fasa ut med heilårseffekt i 2026:

- 5,5-årige studieplassar i veterinærmedisin
- 5-årige studieplassar i grunnskulelærer- og lektorutdanning, farmasi, arkitektur, design, by- og regionplanlegging og musikkterapi
- 4-årige studieplassar i sjukepleiarutdanning, andre helse- og sosialfagutdanningar, barnehagelærerutdanning, andre lærarutdanningar og pedagogikk, utøvande musikk, MNT og juridiske og økonomisk-administrative fag (533 plassar)

Følgande studieplassar blir fasa ut med ein halvårseffekt:

- 6-årige studieplassar i psykologi

- 4-årige studieplassar i juridiske og økonomisk-administrative fag (300 plassar)
- 3-årige studieplassar i animasjon

Studieplassar som følge av krigen i Ukraina

I 2022 løyvde Stortinget midlar tilsvarende 1 000 studieplassar retta mot studentar som følge av krigen i Ukraina. Det blei lagt til grunn at løyvinga, som var berekna som fireårige plassar, var mellombels og skulle fasast ut med normal studieprogresjon, eller tidlegare dersom plassane ikkje blir brukt, jf. Innst. 270 S (2021–2022) og Prop. 78 S (2021–2022). Løyvinga har sidan blitt redusert til 277 plassar. I 2026 blir løyvinga fasa ut med halvårseffekt.

Fordeling av studieplassar som følge av krigen i Ukraina.

	Antal plassar
NU	5
NMBU	5
NTNU	30
OM	12
UiA	30
UiB	30
UiO	35
UiS	35
USN	15
UiT	10
AHO	10
HiM	5
KHiO	15
NMH	10
INN	5
HiØ	5
VID	10
NLA	10

3.4.3 Opptrapping for å føre vidare studieplassar tildelte i tidlegare år

I 2024 vedtok Stortinget å auke løyvinga til institusjonar med lærarutdanning i praktiske og estetiske fag. Finansieringa tilsvarar ei tildeling av toårige studieplassar på tidspunktet når studentane tek til det fjerde året i den nye, femårige utdanninga. Tabellen nedanfor viser fordelinga av studieplassane.

Fordeling av studieplassmidlar til finansiering av fjerde og femte studieår i lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag.

	Antal	Oppstart av fjerde år
NIH	40	2024
HVL	52	2025
INN	50	2025
NU	20	2025
OM	125	2025
USN	25	2025

I 2025 vedtok Stortinget å auke løyvinga til institusjonar som kunne auke kapasiteten i arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU) ved å flytte kapasitet frå ordinær

barnehagelærerutdanning til ABLU eller opprette nye ABLU-plassar. Tabellen nedanfor viser fordelinga av studieplassane frå 2025.

	Antal plassar, flytta kapasitet	Antal plassar, auke kapasitet
DMMH	30	
HVL	20	
HVO	20	
INN	10	
NU	10	
OM	10	25
STH		10
UiA	20	
USN	10	

Vidare oppbygging som følge av studieplassfordelingar i perioden 2020 til og med 2025

	RNB 2020	2022	2022 tillegg	2023		2024					RNB 2024	2025		
	Medisin, kat. A, 6 år	Medisin, kat. A, 6 år	Sjukepleiar, kat. D, 4 år	Medisin, kat. A, 6 år	Nukleære fag, kat. D, 5 år	Vernepleie, skogfag, flyingeniør, kat. E, 3 år	Fysio- terapeut, kat. D, 3 år	IKT, kat. E, 3 år	Medisin, kat. A, 6 år	Campus Gol, 3 år	Veterinær, kat. A, 5,5 år	Veterinær, kat. A, 5,5 år	Medisin, kat. A, 6 år	IKT, kat. E, 3 år
HiM														
HiØ			43					10						
HVL			14					10						
INN			4			20	20							
LDH			10											
NU						20								
NMBU					20						10	10		
NTNU	20		4			25		30	20				15	20
OM								10						15
UiA			59					10						10
UiB	20							10	20				20	10
UiO	20				20			20	20				15	20
UiS			20											
USN			37							60				15
UiT	20	15		30										10
VID			32											

Regjeringa tildelte i 2023 midlar til 20 nye studieplassar kvar til Universitetet i Oslo og Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) innanfor nukleære fag. Det har vore klart fleire søkarar til tilboda ved UiO. Frå 2027 vil regjeringa derfor foreslå at all den gjenståande opptreppinga av midlane blir tildelt UiO. Det inneber at NMBU frå 2026 av har finansiering tilsvarende 14 studieplassar i ei femårig utdanning.

4 Finansieringssystemet for universitet og høgskular

4.1 Rammefinansiering og resultatbasert utteljing

Den samla budsjetttramma til universitet og høgskular blir løyvd over kap. 260, post 50 for universitet og statlege høgskular og post 70 for private høgskular.

Rammefinansieringa inneber at institusjonane skal sjå heile rammeløyvinga under eitt, og gir institusjonane eit strategisk handlingsrom ved at dei sjølve kan prioritere aktivitetar og område dei vil satse på for å nå sektor- og verksemdsmåla.

Den regelstyrte resultatbaserte utteljinga i budsjettet for 2026 avheng av endringa i resultata mellom 2023 og 2024 for indikatorane for studiepoeng og doktorgradar. For desse indikatorane blir resultatendringa multiplisert med satsen for indikatoren. Det vil seie at institusjonane får meir midlar dersom dei har ein auke i resultata på desse indikatorane. Tilsvarande får institusjonane negativ utteljing dersom dei har ein nedgang. Uttejljninga på fullføringsindikatoren avheng både av institusjonen si endring i fullføringsgraden frå 2023 til 2024 og nivået på fullføringsgraden i 2023 i høve til resten av sektoren.

4.2 Satsar og indikatorar for den resultatbaserte utteljinga

Studieplassatsar for tildelingar før 2025

Opptrapping av midlar til studieplassar tildelte i budsjettår før 2025, blir berekna etter dei tidlegare kategoriane. Tabellen under viser satsane for 2026.

Satsar for studieplasstildelingar etter dei tidlegare kategoriane (tal i kroner)

Kategori	Utdanning	Sats for opptrapping av studieplasstildelingar
A	Kliniske utdanningar o.a.	313 350
B	Utøvande musikkutdanning, arkitektur- og designutdanningar o.a.	236 300
C	Realfag på høgare grads nivå o.a.	160 700
D	Samfunnsvitskaplege og humanistiske fag på høgare grads nivå, grunnskulelærerutdanning, enkelte kostnadskrevjande helsefag- og faglærerutdanningar, praktiske mediefag	112 800
E	Helsefag-, lærar- og realfagsutdanningar på lågare grads nivå	96 950
F	Teorifag og sosialfaglege utdanningar på lågare grads nivå	80 900

Satsar og indikatorar for 2026

Frå og med 2025 blir det gitt resultatbasert utteljing for følgande indikatorar:

- studiepoeng
- doktorgradar
- fullføring av gradsprogram

Dei ulike utdanningane er fordelt på tre kategoriar basert på fagområde, som har kvar sine satsar for den resultatbaserte utteljinga. Ved budsjettendringar for å auke eller ta ned utdanningskapasiteten blir det nytta ein standard studieplasstildeling på 107 650 kroner per 60-studiepoengeining. Unntaket er studieplasstildelingar til utdanningane i medisin, odontologi og veterinærmedisin, som har ein eigen studieplassats.

Kategoriar og satsar for studiepoengindikatoren og studieplasstildelingar for 2026 (tal i kroner)

Kat.	Fagområde	Sats for resultatbasert utteljing per 60-studiepoengeining	Studieplasstildeling
1	Humaniora, samfunnsfag og økonomisk-administrative fag	58 650	
2	Realfag, teknologi, helse-, sosial- og idrettsfag, lærarutdanning, utøvande kunst- og mediefag	87 950	
3	Medisin, odontologi og veterinærmedisin	205 300	313 350
	Ordinær studieplasstildeling		107 650

Det er lagt til grunn ein lågare tilskotssats for utteljinga for dei private høyskulane Handelshøyskolen BI (30 pst.), Bergen Arkitektshøgskole (70 pst.) og Høyskolen Kristiania (60 pst.).

Fullføringsindikatoren er berekna slik at den marginale utteljinga av at ein ekstra student fullfører på normert tid, er 53 750 kroner. Av dette utgjer utteljinga for institusjonens endring i fullføringsgraden 5/6 og utteljinga for differansen til fullføringsgraden til dei andre institusjonane utgjer 1/6. Grunnlaget er avkorta med same satsar for dei private høyskulane som for studiepoengindikatoren.

Satsar for resultatbasert utteljing for øvrige indikatorar for 2026 (tal i kroner)

Indikator	Sats
Doktorgradar	500 650
Fullføring av gradsprogram	53 750

Tabellane nedanfor gir definisjonar av kva som inngår i indikatorane med utteljing i 2026 og meir informasjon om berekninga. Sjå også dei gjeldande rapporteringskrava frå Kunnskapsdepartementet på nettsidene til DBH.

Dataspesifikasjon

Studiepoeng	<u>Indikatoren omfattar:</u> Eksamensdata for eigenfinansierte studentar rekna om til 60-studiepoengseiningar og berre nye studiepoeng frå personar med studierett ved institusjonen. <u>Indikatoren omfattar ikkje:</u> - studiepoeng ved gjentak og studiepoeng som privatistar tek - studiepoeng som doktorgradsstipendiatar tek - studiepoeng som utvekslingsstudentar frå institusjonen tek ved ein annan lærestad i utlandet <u>Ekstern- eller fullfinansiering:</u> Statlege institusjonar med ekstern finansiering av studieprogram skal stadfeste kor stor prosent som er finansiert over Kunnskapsdepartementet si rammeløyving (kap. 260) til institusjonen. Statlege og private institusjonar vil ikkje få resultatbasert utteljing for studiepoeng tekne i studieprogram som får fullfinansiering etter eigne avtalar eller vedtak. Ved anbodskonkurransar kan institusjonen ikkje legge til grunn i tilbodet til moglege oppdragsgivarar at det aktuelle studietilbodet vil få resultatbasert utteljing for studiepoeng.
-------------	---

Doktorgradskandidatar, samarbeid om doktorgradsutdanning og kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid	Omfattar stipendiatar som har fullført og disputert ved ein norsk institusjon. Telletidspunktet for rapporteringa er det kalenderåret disputasen blir gjennomført. Institusjonar som har tilsette (stipendiatar eller andre fagleg tilsette) som disputerer ved ein annan norsk institusjon, får 20 pst. utteljing av den ordinære doktorgradsutteljinga. Dersom vedkomande har vore tilsett ved fleire institusjonar i løpet av doktorgradsperioden, får gradsgivande institusjon full utteljing, medan den ikkje-gradsgivande institusjonen der vedkomande har vore lengst tilsett i perioden, får 20 pst. utteljing. Kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid gir utteljing på lik linje med doktorgradar.
Fullføring av studieprogram	Omfattar gradsgivande heiltidsutdanningar (tre- eller fireårig bachelor eller yrkesutdanning, to- eller femårig master, og fem- eller seksårig profesjonsstudium). Indikatoren er basert på prosentdelen av dei som har starta på gradsutdanningane, som har fullført ved institusjonen på normert tid. Det er separat utteljing for institusjonens fullføringsgrad i siste år fråtrekt fullføringsgraden til dei andre institusjonane, og for institusjonens fullføringsgrad i siste år fråtrekt fullføringsgraden året før. Verdiane blir multipliserte med talet på studentar ved institusjonen som inngår i indikatoren.

4.3 Budsjettendring gjennom den resultatbaserte utteljninga i 2026

Den samla resultatbaserte utteljninga er 167,2 mill. kroner i 2026. Tabellen nedanfor viser utteljninga fordelt på indikator per institusjon.

Resultatbasert utteljing i statsbudsjettet for 2026 per institusjon og indikator, i 1 000 kroner

Institusjon	Studiepoeng	Doktorgradar	Fullføring	Sum
AHO	129	2 503	177	2 809
HIM	-3 874	-2 003	-660	-6 537
HiØ	-1 928	1 302	-3 043	-3 669
HVL	-22 962	6 609	-3 052	-19 405
HVO	-5 812	-801	1 363	-5 250
INN	3 532	1 802	1 845	7 179
KHiO	-	1 001	152	1 153
NHH	5 398	501	5 561	11 460
NIH	4 825	2 503	145	7 473
NMBU	29 799	-5 507	681	24 973
NMH	-1 065	-501	750	-816
NTNU	21 677	34 044	12 802	68 523
NU	-29 385	3 004	-16	-26 397
OM	24 866	4 005	-1 534	27 337
SA	1 251	501	15	1 767
UiA	9 043	4 506	6 180	19 729
UiB	-5 820	7 009	-2 100	-911
UiO	37 741	42 555	-2 995	77 301
UiS	-6 537	13 017	479	6 959
UiT	-12 395	-2 904	-12 620	-27 919
USN	-11 375	5 507	1 461	-4 407
AHS	989	-100	-357	532
BAS	31	-	41	72
BI	16 046	-3 104	-3 211	9 731
DMMH	-14 669	-100	-948	-15 717
FIH	-1 106	-	-678	-1 784
HGUt	-244	-	-15	-259
HK	10 933	200	605	11 738
HLT	-1 442	200	279	-963
LDH	1 212	-100	410	1 522
MF	-5 045	501	-1 159	-5 703
NLA	5 666	300	178	6 144
STH	-249	-	-562	-811
VID	-690	3 404	-1 348	1 366
Sum	48 540	119 854	-1 174	167 220

4.4 Datagrunnlag for den resultatbaserte uttellinga i 2026

Data som ligg til grunn for resultatbasert uttelling i finansieringssystemet, er henta frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) ved Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Data er kvalitetssikra av institusjonane, HK-dir og Kunnskapsdepartementet. Departementet kan i kvalitetssikringa korrigere enkelte tal etter fristen for rapporteringa. Det kan derfor vere avvik mellom nokre tal knytt til finansieringssystemet og tal i DBH. Dersom det kjem nye endringar i tala, vil departementet vurdere om det er behov for å justere tala og tilhøyrande budsjetteffektar i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2026 eller i statsbudsjettet for 2027.

Datagrunnlag for 2026-uttelling

Inst.	Studiepoengeiningar i 2024			Endring frå 2023			Doktorgradar i 2024		Endring frå 2023		Fullførings- grad i 2024	Endring frå 2023	Avstand frå gj.sn	Kulla nor- mert til å fullføre i 2024
	1	2	3	1	2	3	Ordinær	Samarb.	Ordinær	Samarb.				
AHO	-	710	-	-	1	-	7	-	5	-	43,2	6,5	-9,9	88
HiM	1 157	842	-	128	-129	-	3	-	-4	-	48,9	-1,0	-4,3	806
HiØ	797	3 402	-	49	-55	-	2	11	1	8	49,2	-3,4	-4,0	1 622
HVL	1 333	9 231	-	-36	-237	-	26	2	14	-4	55,1	-2,0	2,1	4 254
HVO	707	1 572	-	-31	-45	-	1	5	-2	2	56,3	3,7	3,2	700
INN	3 087	5 259	-	-26	58	-	22	-	4	-2	58,2	0,4	5,4	2 827
KHiO	-	-	-	-	-	-	6	-	2	-	77,3	-3,2	24,3	203
NHH	2 930	-	-	92	-	-	21	-	1	-	74,9	4,0	22,3	1 463
NIH	373	768	-	57	17	-	13	-	5	-	62,8	-1,1	9,8	371
NMBU	2 015	2 963	435	490	5	3	73	-	-11	-	58,5	-0,1	5,6	1 574
NMH	22	583	-	3	-14	-	9	-	-1	-	61,2	7,3	8,1	188
NTNU	6 885	23 276	812	180	118	4	497	-	68	-	57,5	1,4	5,3	11 426
NU	1 736	4 723	-	-109	-261	-	34	2	6	-	54,8	-0,4	1,7	2 314
OM	2 486	12 406	-	144	187	-	56	2	9	-5	53,9	-0,8	0,9	5 662
SA	61	50	-	12	7	-	1	-	1	-	39,3	4,0	-13,8	28
UiA	3 313	6 336	-	195	-27	-	67	-	9	-	57,4	2,8	4,6	3 762

Inst.	Studiepoengeiningar i 2024			Endring frå 2023			Doktorgradar i 2024		Endring frå 2023		Fullførings- grad i 2024	Endring frå 2023	Avstand frå gj.sn	Kulla nor- mert til å fullføre i 2024
	1	2	3	1	2	3	Ordinær	Samarb.	Ordinær	Samarb.				
UiB	6 567	5 863	1 327	-169	-27	32	229	-	14	-	48,5	0,1	-5,0	5 163
UiO	9 210	6 946	1 600	400	68	40	512	-	85	-	43,9	1,1	-10,2	6 961
UiS	2 749	5 049	-	70	-121	-	87	-	26	-	49,4	1,1	-3,9	3 720
UiT	4 392	5 716	980	96	-466	111	111	1	-6	1	46,1	-4,5	-7,5	4 708
USN	2 770	7 640	-	57	-168	-	41	-	11	-	50,3	1,4	-3,0	4 326
AHS	199	70	-	10	5	-	-	-	-	-1	48,7	-9,3	-4,4	78
BAS	-	152	-	-	1	-	-	-	-	-	32,1	8,8	-21,0	20
BI	13 690	-	-	912	-	-	10	-	-6	-1	49,1	-3,4	-4,0	1 707
DMMH	-	732	-	-	-167	-	-	-	-	-1	52,2	-6,1	-0,9	337
FIH	150	-	-	-19	-	-	-	-	-	-	20,0	-16,7	-33,1	65
HGUt	8	-	-	-4	-	-	-	-	-	-	20,0	0,0	-33,1	5
HK	5 792	3 817	-	24	191	-	-	4	-	2	61,5	-1,1	8,7	2 040
HLT	187	-	-	-25	-	-	-	2	-	2	45,6	10,7	-7,5	68
LDH	-	946	-	-	14	-	-	2	-	-1	68,2	0,2	15,2	286
MF	392	107	-	-59	-18	-	8	-	1	-	27,7	-5,3	-25,5	249
NLA	974	1 132	-	177	-53	-	-	4	-	3	48,9	1,4	-4,2	709
STH	-	143	-	-	-3	-	-	-	-	-	17,3	-17,0	-35,8	52
VID	389	3 247	-	-3	-6	-	16	-	7	-1	60,2	-4,6	7,2	959

4.5 Rapportering av data og resultatutteljing i budsjettet for 2027

I statsbudsjettet for 2027 blir den resultatbaserte utteljinga berekna ut frå resultata i 2024 og 2025.

Korrekt informasjon skal ligge til grunn for dei årlege budsjettvedtaka. Universitet og høgskular rapporterer data som inngår i berekningsgrunnlaget for resultatutteljinga i finansieringssystemet. Kunnskapsdepartementet føreset at institusjonane kvalitetssikrar tala dei rapporterer til HK-dir, og at dei rapporterer innan fastsette fristar. Departementet føreset at dette skjer gjennom system for internkontroll, og at institusjonane kan dokumentere gjennomføringa. Mangelfull eller feilaktig rapportering frå institusjonane kan føre til redusert resultatbasert utteljing. På DBH-nettsidene til HK-dir ligg spesifikasjonar av gjeldande rapporteringskrav og malar for rapporteringa.

Utgjeve av:
Kunnskapsdepartementet

Publikasjonskode: F-4499

Internett: http://www.regjeringen.no/orientering_statsbudsjettet_uh

